



SELJE KOMMUNE

Formannskapet

Møtebok

Møtedato: 20.02.2014

Møtetid: Kl. 13:30 – 19:30

Møtested: Kommunehuset - 3. etg.

Saksnr.: 009/14 - 019/14

Følgjande medlemmer møtte

TP: Ottar Nygård. SP: Gunn Sande. UAVH: Toril Sande. FRP: Svein Hansen.
KRF: Raymond Myren. H: Kenneth Brandal.

Følgjande medlemmer møtte ikkje

FRP: Anne-Lise Drage. Melding om forfall til møtet var gjeve.

Følgjande varamedlemmer møtte

FRP: Marit Swensen

Følgjande frå administrasjonen møtte

Kommunalsjef Helse og Omsorg Åse Elin Hole, kommunalsjef Oppvekst Bård Fløde.
Rådmann Reidar Sandviknes førte møteboka.

Merknad til innkallinga

Ingen

Merknad til saklista

Formannskapet vedtok samrøystes å handsame fylgjande tilleggssaker:

015: Utsetting av bølgekraftverk ved Dragefella – Stadt Wind AS

016: Fleirbrukshamn på Stadlandet – Uttale til prosjekt

017: Serveringsløyve – Stadsurfing AS

018: Skjenkeløyve for alkohol – Stadsurfing AS

019: Forskrift for skulekrinsar i Selje kommune

7 voterande

Sakene vart handsama i denne rekkefølga:

9-10-11-12-13-19-14-15-17-18-16

Representanten Raymond Myren fekk permisjon under sak 14/14 og deltok ikkje sakene handsama etter den .

6 voterande

Følgjande saker vart handsama

Sak nr.	Sakstittel
009/14	Godkjenning av møtebok
010/14	Referatsaker
011/14	Tilbakekjøp av tomt nr. 10 - Flatraket bustadfelt
012/14	Skjenkeløyve for alkohol - Barmøy gjestehus
013/14	Serveringsløyve - Barmøy gjestehus
014/14	Økonomisk omstilling Selje kommune - Budsjett 2014
015/14	Utsetting av bølgekraftverk ved Dragefalla - Stadt Wind AS
016/14	Fleirbrukshamn på Stadlandet - Uttale til prosjekt
017/14	Serveringsløyve - Stadsurfing AS
018/14	Skjenkeløyve for alkohol - Stadsurfing AS
019/14	Forskrift for skulekrinsar i Selje kommune

Tilleggsaker: 015, 016, 017, 018, 019.

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur:_____



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	20.02.2014	009/14

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 14/121
---	----------------------	-----------------------------

Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 29.01.14 vert godkjent slik den ligg føre.

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
13.02.2014	Møtebok FS 29.01.14.pdf	52488

Handsaming i Formannskapet - 20.02.2014

7 voterande

FS-009/14 VEDTAK

Møteboka frå møte 29.01.14 vert godkjent slik den ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	20.02.2014	010/14

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 14/120
---	----------------------	-----------------------------

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	14/460	I	11.02.2014	Nordfjordreådet	Pressemelding - Dagkirurgi og stadleg leing: Viktige gjennombrøt for framtidens lokalsjukehus i Nordfjord
2	14/464	U	11.02.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Farlig skipsvrak i Ervik - Oppfølging av sak

Tilleggsreferat:

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Formannskapet - 20.02.2014

7 voterande

Tilleggsreferat:

3.Brev, dat. 18.02.14 frå Sogn og Fj. fylkeskomme – Vedtak Samferdsleutvalet - Rutetilbodet.

4.E-post, dat. 12.12.13 frå Hoddevik Velforening – Vedk. veglys i Hoddevik.

FS-010/14 VEDTAK

001. Teke til vitande.

002. Ordførar orienterte om mulig deltaking frå Nordfjord hamn. Teke til vitande.

003. Teke til vitande

004. Administrasjonen sender svar og viser til at kommunen har hatt som praksis å overta private veglys i drift. Kommunen har ikkje teke del i investeringane.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	20.02.2014	011/14

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Merete Nerland	FE-611, FA-L83	12/390

Tilbakekjøp av tomt nr. 10 - Flatraket bustadfelt

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
15	I	20.12.2013	Lucas Onsea og Wanda Van den Branden	Seier frå seg tomt nr. 10

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
13.02.2014	Skjema tildeling av tomt i kommunalt bustadfelt.doc	52485

Saka gjeld

Eigarane av tomt nr. 10 i bustadfelt III på Flatraket ønskjer å seie frå seg tomta.

Opplysningar til saka

Lucas Onsea og Wanda van den Branden kjøpte sommaren 2012 tomt nr. 10 i Flatraket bustadfelt III. Etter om lag 2 år med planlegging er det no klart at planane dei hadde ikkje kan gjennomførast av diverse grunnar.

Dei skriv i brev datert 19.12.2013 følgjande:

«Håper det ikkje vert noko problem å få tilbakebetalt kjøpesummen, då pkt. nr. 5 i tildelingsmeldinga står at; *Innbetalt kjøpesum vert betalt attende dersom nokon seier frå seg ei tildelt tomt...*»

Kommunestyret vedtok 20.12.2010 m.a. vilkår og byggjefristar ved tildeling av tomt i kommunale bustadfelt, sjå vedlagde skjema **Tildeling av tomt i kommunalt bustadfelt**. I pkt. 5 i skjemaet står m.a. følgjande; «*Innbetalt kjøpesum vert betalt attende dersom nokon seier frå seg ei tildelt tomt, eller dersom tomta vert inndregen ved at byggjefristen i pkt. 1 ikkje vert oppfylt. Utført arbeid på tomta vert ikkje kompensert. Eventuelle oppryddingskostnader kommunen får ved tilbakebetalinga vert belasta seljar. Tinglysingsgebyr og andre overdragingskostnadar ved tilbakeskøyting er kommunen*

uvedkommande. Utgifter påført kommunen ved tilbakeføring av tomt, vert trekt frå i refusjonsoppgjeret»

Lover/regelverk

Finansiering

Ubunde kapitalfond 2014.

Sakshandsamar si vurdering

Pkt. 5 i skjema *Tildeling av tomt i kommunalt bustadfelt* seier at innbetalt kjøpesum skal betalast attende dersom nokon seier frå seg ei tildelt tomt. Lucas Onsea og Wanda van den Branden seier no frå seg tomta og bør såleis få tilbakebetalt kjøpesummen minus kostnadar som kommunen får ved tilbakeføring av tomta.

Tilbakebetalt sum bør være innbetalt sum (286 511,-) minus tinglysing av skøyte (1 548,-), dokumentavgift (6 321,-) og arbeidstid brukt for å få tilbakeført tomta (4 500,-). Dette er pengar som kommunen ikkje får tilbake ved eit evt. vidaresal av tomta.

Konklusjon

Selje kommune betaler tilbake kr. 274 142,- for tilbakekjøp av tomt nr. 10 i bustadfelt på Flatraket. Arbeidet med og utgifter til tinglysing av nytt skøyte må berast av seljar (Lucas Onsea og Wanda van den Branden). Pengene for tomta blir utbetalt når skøyte er tinglyst og oversendt Selje kommune v/eigedomsavdelinga.

Saksgang

Saka vert avgjort i formannskapet

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommune betaler tilbake kr. 274 142,- for tilbakekjøp av tomt nr. 10 i bustadfelt på Flatraket. Arbeidet med og utgifter til tinglysing av nytt skøyte må berast av seljar (Lucas Onsea og Wanda van den Branden). Pengene for tomta blir utbetalt når skøyte er tinglyst og oversendt Selje kommune v/eigedomsavdelinga.

Handsaming i Formannskapet - 20.02.2014

7 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-011/14 VEDTAK

Selje kommune betaler tilbake kr. 274 142,- for tilbakekjøp av tomt nr. 10 i bustadfelt på Flatraket. Arbeidet med og utgifter til tinglysing av nytt skøyte må berast av seljar (Lucas Onsea og Wanda van den Branden). Pengene for tomta blir utbetalt når skøyte er tinglyst og oversendt Selje kommune v/eigedomsavdelinga.

Samrøystes.

Utskrift til:
Aktuelle partar i saka.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	20.02.2014	012/14
Kommunestyret	27.02.2014	

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Svein Barmen	FA-U63	14/59

Skjenkeløyve for alkohol - Barmøy gjestehus

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	13.01.2014	Vestafor AS	Søknad om skjenkeløyve
2	U	17.01.2014	Politiet; NAV - Selje	Skjenkeløyve - Barmøy gjestehus - Uttale
3	I	28.01.2014	Politiet - Selje Lensmannskontor	Uttale til skjenkeløyve
5	I	03.02.2014	NAV Selje	Uttale til skjenkeløyve

Saka gjeld

Ordinært skjenkeløyve for Barmøy Gjestehus (drive av Vestafor AS)

Opplysningar til saka

Vestafor AS, nytt føretak, orgnr. 996 228 916.

Adresse: 6715 Barmen

Eigartilhøve:

Tor Ivar Østreng og Tove Måløy begge 6715 Barmen

Føremål:

- 1) Å drive matservering i forbindelse med overnattingsvirksomhet (kurs og konferanser)
- 2) Drive matservering ellers i forbindelse med møter og selskaper i gjestehuset (lukkede arrangementer).

Søknaden gjeld ordinært skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2, og 3 (øl, vin og brennevin)

Ansvarleg skjenkestyrar: Tor Ivar Østreng

Stedfortredar: Tove Måløy

Lokalitet: Gbnr 74/15, Fjellet, Barmen, Selje kommune

Skjenkeareal: Gjestehuset 1.etasje, kjøkken, stove/ spisesal (55m²) og terrasse Nord Aust.

Forventa omsetning: 120 l øl, 60 l vin, 5 l brennevin
Skjenketid: Alle dagar klokka 1300 - 0100
Merknad frå politiet: Ingen
Merknad frå NAV: Ingen
Skatteetaten: Orgnr. 996 228 916 er registrert i meirverdiavgiftsregisteret
Betalingsmerknader: Ingen
Tor Ivar Østreng har bestått kunnskapsprøve i Alkoholova 03.01.2014
Tove Måløy søkjer dispensasjon frå kunnskapsprøve i Alkoholova. jf. Alkoholova § 1-7c

Lover/regelverk

Alkoholova
Forskrift til alkoholova
Kommunal forskrift om opnings og stengetider mm.

Sakshandsamar si vurdering

Sakshandsamar har ingen merknad til søkjaren eller personane bak søknaden.

For å forenkle kontrollen vil ein tilrå at løyvet vert gjeve til heile 1.etasje med terrasse Nord Aust. Det er ein føresetnad at terrassen vert inngjerda/ avgrensa med rekkverk.

Alkoholova § 1-7c, 2.setn: *Det kan gjøres unntak fra kravet om stedfortreder når det vil virke urimelig bl.a. av hensyn til salgs- eller skjenkestedets størrelse.*

Selje kommune har ikkje praksis for denne type unntak. Den forventa omsetninga skulle tyde på at dette vil vere ein skjenkestad med liten omsetning. Kommunen kan som unntaksordning gi løyve til ein ser om den forventa omsetninga stemmer. Løyvet vert gitt ut kommunestyreperioden til 30.06.2016, og kravet om stedfortredar vert vurdert på nytt då.

Skjenketidene er innanfor kommunal forskrift om opnings- og stengetider mv.

Saksgang

Formannskapet tilrå til Kommunestyret som gjer vedtak

Klageadgang

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter Forvaltningslova kapittel VI. Klagefristen er 3 veker.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Barmøy Gjestehus orgnr. 996 228 916 får slikt skjenkeløyve i perioden frå vedtak er fatta til 30.06.2016:

Ordinært skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2, og 3 (øl, vin og brennevin)

Ansvarleg skjenkestyrar: Tor Ivar Østreng

Kommunen gjer unntak for stedfortredar jf. Alkoholova § 1-7c, 2.setn. i løyveperioden

Lokalitet: Gbnr 74/15, Fjellet, Barmen, Selje kommune

Skjenkeareal: Gjestehuset 1.etasje, innomhus og terrasse Nord Aust. Terrassen skal avgrensast med rekkverk.

Skjenketid: Alle dagar klokka 1300 – 0100

Løyvet er elles avgrensa til det som til einkvar tid måtte gå fram av alkoholova, forskrift til denne og kommunal forskrift.

Selje kommune vil føre kontroll med løyvet jf. Forskrift til alkoholova Kap. 9

Handsaming i Formannskapet - 20.02.2014

7 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-012/14 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	20.02.2014	013/14
Kommunestyret	27.02.2014	

Sakshandsamar Svein Barmen	Arkiv FA-U63	Arkivsak 14/60
-------------------------------	-----------------	-------------------

Serveringsløyve - Barmøy gjestehus

Dokumentliste

Saka gjeld

Søknad om nytt serveringsløyve frå Barmøy Gjestehus drive av Vestafor AS.

Opplysningar til saka

Selskapsinformasjon:

Løyvesøkjar: Vestafor AS org.nr. 996 228 916

Adresse: 6715 Barmen

Eigar: Tor Ivar Østreng 50% og Tove Måløy 50%, adresse 6715 Barmen

Dagl.leiar: Tor Ivar Østreng

Lokalitet: Gbnr. 74/15 Fjellet, Barmen Selje kommune

Storleik: 80m², 25 sitjeplassar, servering i overnattingsverksemd.

Tor Ivar Østreng har bestått Etablererprøven for serveringsvirksomhet 06.12.2013

Merknad frå Skatteetaten: Ingen

Merknad frå Politiet: Ingen

Løyve til bruksendring til serveringsverksemd: Innvilga, delegasjonsak

I vedlegg til søknaden ligg også melding til Mattilsynet og rutinar for internkontroll

Lover/regelverk

Lov om serveringsvirksomhet 1997 (Serveringsloven)

Forskrift om opnings- og skjenketider mv. For Selje kommune

Sakshandsamar si vurdering

Barmøy Gjestehus er etablert i bustadhuset på Gbnr 74/2 Selje kommune, no frådelt parsell 74/15.

Det er ikkje nemnt noko i søknaden om opnings- og stengetider. Selje kommune har i eiga forskrift fastsett stengetider for serveringsstader mellom klokka 0300 og 0600. Ein gjer vidare merksam på Kapittel 3 i Serveringsloven: «Krav til drift av serveringssted».

Konklusjon

Føretaket oppfyller kommunen sin krav for drift av serveringsverksemd.

Saksgang

Formannskapet tilrår til kommunestyret som gjer vedtak.

Klageadgang

Vedtak i denne saka er enkeltvedtak etter Forvaltningslova.

Klagefrist er 3 veker jf. Fvl. Kap VI.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Barmøy Gjestehus Gbnr. 74/15, dagleg leiar Tor Ivar Østreng får serveringsløyve som omsøkt

Serveringsstaden skal ha stengetider etter kommunal forskrift.

Kommunen vil føre kontroll med drifta jf. Serveringsloven §13

Handsaming i Formannskapet - 20.02.2014

7 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-013/14 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	18.02.2014	003/14
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	18.02.2014	003/14
Driftsutvalet	19.02.2014	004/14
Formannskapet	20.02.2014	014/14
Kommunestyret	27.02.2014	

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Reidar Sandviknes	FE-240	14/85

Økonomisk omstilling Selje kommune - Budsjett 2014

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	N	10.01.2014	Selje Kommune	Arbeidsgruppa si innstilling - Administrasjon og leing
1	N	10.01.2014	Selje Kommune	Arbeidsgruppa si innstilling - Oppvekst
3	N	14.01.2014	Selje Kommune	Samlet rapport - arbeidsgruppene
5	I	22.01.2014	FAU v/Ytre Stad skule og barnehage	Klage på høyringsfrist
7	I	23.01.2014	Ungdomsrådet	Uttale til høyring
6	I	27.01.2014	Selje Arbeiderparti	Krav om deltaking i prosess
8	I	28.01.2014	Elevane v/ Stadlandet oppvekstsenter	Uttale til høyring
4	U	03.02.2014	Høyringspartar	Rapport - økonomisk omstilling- 16.01.2014
26	I	03.02.2014	Fellesorganisasjonen FO - Selje	Uttale til høyring
12	I	03.02.2014	Ungdomsrådet	Uttale til høyring
11	I	03.02.2014	Selje Skule	Uttale til høyring
10	U	03.02.2014	Selje Arbeidarparti	Svar vedk. deltaking i økonomisk omstillingsprosess - Referatsak FS 29.01.14
9	I	03.02.2014	Stadlandet Oppvekstsenter	Uttale til høyring
18	I	04.02.2014	Fagforbundet Selje - avd. 289	Uttale til høyring
17	I	04.02.2014	Utdanningsforbundet Selje lokallag	Uttale til høyring

16	I	04.02.2014	Stadlandet oppvekstsenter v/Elevrådet	Uttale til høyring
15	I	04.02.2014	Ytre Stadlandet skule og barnehage v/FAU	Uttale til høyring
14	I	04.02.2014	Stadlandet Oppvekstsenter v/Utdanningsforbundet	Uttale til høyring
13	I	04.02.2014	Stadlandet Oppvekstsenter v/FAU	Uttale til høyring
22	I	05.02.2014	Tenesteleiar Familie og Velferd	Uttale til høyring
21	I	05.02.2014	Stadlandet bedriftsforening	Uttale til høyring
20	I	05.02.2014	Selje Folkeboksamling	Uttale til høyring
19	I	05.02.2014	Utdanningsforbundet Selje Skule	Uttale til høyring
25	I	13.02.2014	Reidar Sandviknes	Oppsummering - Økonomisk omstilling
23	I	13.02.2014	Eldrerådet v/leiar	Vedk. handsaming av høyringsrapportar

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
17.01.2014	Rapport - økonomisk omstilling-16.01.2014	51838
13.02.2014	Revidert høyring	52190
13.02.2014	Oppsummering - Økonomisk omstilling.docx	52490

Opplysningar til saka

Bakgrunn:

Selje kommune engasjerte Agenda Kaupang AS til å utføre ein analyse av kommunen sine driftskostnader, kartlegging, og konkretisering av områder der kommunen har potensial for økonomisk og kvalitetsmessig forbetring. Dette kunne og inkludere administrativ omstilling. Målsettinga er at kommunen sine driftskostnader skal reduserast med 10 mill. i løpet av 2013 og 2014.

Gjennom analysearbeidet kom det fram at behovet for reduksjoner er 12 mill og seinare vart dette auka til 14,5 mill i samband med konsekvensjustert budsjett.

Formannskapet + 2 tillitsvalde vart styringsgruppe i prosjektet. Styringsgruppa oppretta følgjande arbeidsgrupper:

1. Administrasjon inkl. næringsverksemd (også teknisk, kultur, kyrkje)
2. Oppvekst med hovedvekt på struktur
3. Helse og omsorg, NAV
4. Gebyrsatsar – vert i vareteke av allereie nedsett gruppe.

Mandatet til arbeidsgruppene:

Arbeidsgruppene skal finne innsparingar, effektiviseringar (inklusive strukturendringar)og inntektsmuligheiter innanfor sitt arbeidsområde som gjer det mulig å redusere kommunen sitt netto driftsutgiftsnivå med 12 millionar kroner. Utgangspunktet er utgiftsnivå i 2012.

Administrasjon, kyrkje, teknisk, kultur og næring	4,1 mill
Oppvekst	4,4 mill
Helse og omsorg, NAV	2,9 mill
Gebysatsar	0,6 mill

Arbeidsgruppene rapporterte til styringsgruppa 10.01.2014.

Styringsgruppa hadde møte 16.01.2014. Frå administrasjonen møtte rådmann og kommunalsjefane som gjekk gjennom dei innkomne uttalane.

Styringsgruppa sitt mandat var å vurdere om arbeidsgruppene hadde svart på arbeidsoppgåva i høve mandatet.

Styringsgruppa hadde forventningar om fleire konkrete tiltak som førte til reduserte lønsutgifter, men kom ikkje med konkrete forslag til arbeidsgruppene om nye punkt til utgreiing.

Styringsgruppa godkjende rapportane frå arbeidsgruppene som høyringsforslag.

Rådmannen sette høyringsfristen til 4.2. 2014.

Desse fekk rapporten til uttale: Tenesteleiarane, organisasjonane, råd og utval på skulane /barnehagane, helse og omsorg, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomsråd.

Eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomsråd, har i ettertid svart at dei ikkje kjem med uttale på dette, men skal handsame saka på lik linje med dei andre utvala. Rådmannen ser at dette er rett framgangsmåte.

Rådmannen skal etter uttalane er komne inn, legge fram sak eller innarbeide deler av innsparingstiltaka i budsjettet etter kvart som dei er klare eller i samla pakke.

Politisk handsaming i formannskap og kommunestyre som andre budsjettsaker/ budsjettendringar.

Første handsaming i kommunestyret 27. feb. 2014

Alle innsparingane skal vere på plass med full verknad i 2015.

Budsjettvedtaket 2014:

I budsjettsak 72/13 gjorde kommunestyret vedtak som slik sektorfordeling:

Politiske styring, sentraladm., religiøse formål:	18 274 000
Oppvekst:	46 036 000
Helse og omsorg	66 643 000
Utvikling	17 030 000

Det er då sett av ein reservepost kr. 1.500.000 og kr. 3.814.000 til inndekking av underskot frå 2012. Vidare er det sett av lønsreserve på 2.500.000. Denne reserven kan vise seg å bli for knapp og vil då medføre at einingane må dekke inn resten innafor eigne budsjett.

Det er då kutta 14.507.000 i høve konsekvensjustert budsjett.

Rapport økonomisk omstilling i høve fordeling av sektorrammer.

Høringsuttaler:

Det er komme inn 15 uttaler, som er samla i eit eige vedlegg til saka.

Dei fleste utalene handlar om strukturendringar, særleg innafor oppvekst.
(Rådmannen vil lage ein oppsummering som vert ettersent)

Rådmannen sin vurdering:

Hovedinntrykket er at arbeidsgruppene har lagt ned mykje arbeid for å komme fram til innsparingstiltak. Totalt har ein dessverre ikkje klart å komme fram til nok tiltak i høve Agenda sitt innsparingspotensial og som gir nok effekt i 2014. Samtidig må vi ta med at Agenda /styringsgruppa sin framdriftsplan, var at vi ikkje kunne vente fulle effekt før i 2015.

Det er og ein del av innsparingstiltaka som er litt diffuse eller prega av gitte føresetnader og rådmannen kan ikkje legge dette inn som konkrete beløp i 2014.

Ein del av tiltaka krev større utgreiningar med eige saksnr. og desse må vi komme tilbake fortløpande i 2014 og vere klart til budsjetthandsaming 2015.

Dette gjeld m.a :

- Eventuell innføring av eidegdomsskatt
- Adminstrasjonsbygg : Kva gjer vi med det gamle kommunehuset og skal vi fortsatt leige eller kjøpe kontorbygget?
- Administrativ og politisk omorganisering
- Selje kommune sine SFE aksjer
- Interkommunalt samarbeid –jfr prosjekt.
- Fleire strukturendringar (skule).

Fordeling av sektorrammer

Rådmannen har i denne omgang prioritert fordeling av rammer vedk.budsjett 2014, då det haster med å få lagt inn detaljbudsjett til einingane. Det er lagt inn så mykje som råd er i frå arbeidsgruppene, men i tillegg har rådmannen kuttet relativt mykje på alle områder.

FORDELING DRIFTSBUDSJETT 2014 - 27.02.14					
SELJE KOMMUNE	Rekneskap	Budsjett	Kons	Rådmann	
Alle beløp i tusen	2012	2013	Bud 2014		Kutt
Politikk	2 323	2317	2 299	1962	337
Rådmann	1 789	1405	1 594	1434	160
Kommunalsjefar/stab	2 412	2184	2 915	2550	365
Tillitsvalde	314	233	281	240	41
Servicekontor	5 275	5001	4 847	4450	397
Økonomiavdeling	3 171	2647	2 925	2700	225
IKT-avdeling	3 376	3122	2 535	1950	585
Religiøse formål	2 606	2942	3 778	2988	790
Sum fordelt	21 266	19 851	21 174	18 274	2 900
Fellestjenester oppvekst	638	785	1 462	936	526
Selje skule	16 293	15552	17 121	16200	921

Stadlandet oppvekstsenter	15 498	15675	15 524	14800	724
Flatraket skule	5 324	5202	5 077	4700	377
Ytre Stad skule og barnehage	3 648	3757	3 416	2200	1 216
Selje barnehage	4 397	4211	4 632	3800	832
Flatraket barnehage	3 663	3741	3 666	3400	266
Sum fordelt	49 461	48 923	50 898	46 036	4 862
NAV - Sosial	2 081	1946	2 480	2 100	380
Helse og omsorg forvaltning	4 447	4024	4 931	4700	231
Familie og velferd	6 168	6082	6 435	6200	235
Sjukeheimen	20 662	19484	20 130	19543	587
Legeteneste og fysioterapi	5 310	4966	5 652	5100	552
Heimetenestene	16 416	14759	15 860	15000	860
Vernepleie og psykiatri	15 556	13810	15 286	14000	1 286
Sum fordelt	70 640	65 071	70 774	66 643	4 131
Plan og utvikling	1 396	1784	1 918	1536	382
Næring og kultur	3 261	2169	1 683	1750	-67
Kommunalteknikk	2 554	2471	2 304	1850	454
Brann	1 660	1661	1 986	1774	212
Eigedom	7 790	10267	9 941	8500	1 441
Samferdsel	1 389	1368	1 387	1285	102
Interkommunale tiltak	388	400	425	335	90
Sum fordelt	18 438	20 120	19 644	17 030	2 614
Sum	159 805	153 965	162 490	147 983	14 507
Lønsauke til fordeling				2 500	
Årets premieavvik				661	
Sum fordelt totalt				151 144	

Kommentarer til fordelt ramme:

Politiske styring, sentraladm., religiøse formål:

Eining	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Konsekvens Justert 2014	Budsjett Rådmann	Kutt
Politikk	2 323	2317	2 299	1962	337
Tiltak	Innsparing på møtegodtgjersle, reise, juleavslutting etc. Ny pensjonsordning ordførar Reiseutgifter Redusert tilskot politiske parti Sum				50 109 30 40 229
Konsekvens	Manglar tiltak 108.000. Store kutt som på sikt kan føre til manglande politisk rekruttering. Det vert sett ned ei politisk gruppe som vurderer møtegodtgjersle etc.				

Eining	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Konsekvens Justert 2014	Budsjett Rådmann	Kutt
Rådmann	1 789	1405	1 594	1 434	160
Personal	2,00	1,60	1,60+0,10 interkommunal stilling (A.O.H)		
Tiltak	Innsparing på reise og kurs og andre driftsutg. Bruk av eksterne midlar Vertskommune interkommunal stilling- inntekt Redusert bemanning 0,20 frå 1.8.14				40 30 30 60
Konsekvens	Redusert bemanning etter vedteke reglement. Vil medføre redusert sakshandsaming og dårlegare tenesteyting.				

Eining	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Konsekvens Justert 2014	Budsjett Rådmann	Kutt
Kommunalsjef /stab	2 412	2184	2 915	2550	365
Personal	Ksjef2+pers1	Ksjef2+pers1	Ksjef2+pers1+0,4 frå IKTfrå 1.3.2014		
Tiltak	Innsparing på reise /kurs – søkje om eksterne kursmidlar Søkje om tilretteleggingstilskot Redusert bemanning 0,60 frå 1.6.14				15 50 300
Konsekvens	Redusert bemanning etter vedteke reglement => avsette midlar til kommuneplanarbeid. Vil medføre redusert sakshandsaming og dårlegare tenesteyting i sentraladm.				

Eining	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Konsekvens Justert 2014	Budsjett Rådmann	Kutt
Tillitsvalde	314	233	281	240	41
Tiltak	HTV i 2014 har ikkje turnustillegg. Kan reduserast med 41.000				
Konsekvens	Ingen				

Eining	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Konsekvens Justert 2014	Budsjett Rådmann	Kutt
Servicekontor	5 275	5001	4 847	4 450	397
Personal	3,7	3,7			
Tiltak	Arbeidsgruppa: Reorganisere 50, ny avtale kopimaskin 17, lønslippar10 stillingsannonser 40, nedmontering av breib.utstyr 45 Forhandle ny husleige og straum utg. Rådmann: Ny avtale telefoni Kalkulatorisk inntekt frå fellesrådet - husleige				162 125 60 50
Konsekvens	Svært knapt budsjett				

Eining	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Konsekvens Justert 2014	Budsjett Rådmann	Kutt
Økonomiavdeling	3 171	2647	2 925	2 700	225
Personal	3.9+(1 Eid)	3.9+(1 Eid)			
Tiltak	Innsparing på reise /kurs – søkje om eksterne kursmidlar Kalkulatorisk inntekt frå fellesrådet Flytte 10 % stilling til VAR –området Tilretteleggingsmidlar Auka gebyr/renteinntekt				10 50 50 100 15
Konsekvens					

Eining	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Konsekvens Justert 2014	Budsjett Rådmann	Kutt
IKT	3 376	3122	2 535	1950	585
Personal	2,5	1	1	0	
Tiltak	IKT –drift flytta til felles driftssenter (DS). Driftsing. overført til DS. IKT adm. avvikla. Ressurs flytta til stab. Budsjett frå DS -Selje sin del kr. 2.487.000. Av dette skal 450.000 belastast fagsystem på einingane. Konsekvensjustert budsjett vert nedjustert med kr. 135.000				
Konsekvens	Mykje er no på plass vedk. DS. Kan bli justeringar på kostnader vedk. lokale løysingar, der vi går gjennom våre behov og vurdere om det er noko som kan seiast opp eller kjem i tillegg. Dette må takast på budsjettjustering 2. tert. DS føreset at kvar kommune har ein IKT – koordinator som bindeledd mellom DS og kommune. Vi føreset at desse oppgåvene vert lagt til stab.				

Eining	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Konsekvens Justert 2014	Budsjett Rådmann	Kutt
Religiøse formål	2 606	2942	3 778	2 988	790
Tiltak	Arbeidsgruppa kan ikkje sjå at det er mulig å spare inn kr. 500.000 i høve 2012. Med eit budsjett på kr. 2.988.000 må stillingar fortsatt haldast vakant. Auka inntekt på festeavgift 100.000. Budsjettet må dekke kalkulatoriske utgifter kr.100.000				
Konsekvens	Kyrkjeverja meiner at budsjettet er svært knapt og vil ikkje føre til auka aktivitet.				

Oppvekst:

Eining	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Konsekvens Justert 2014	Budsjett Rådmann	Kutt
Fellestenester oppvekst	638	785	1 462	936	526
Tiltak	Adm.omstilling. 50 % ungd.koord. flytta til kultur. Symjeoppl. vert redusert frå 100-000 til 75.000 (same som i 2012) Fellestenester redusert med kr. 100.000				
Konsekvens	50 % st må utføre kulturoppgåver i tillegg til ung. koord.- og MOT-oppg. Samla lågare aktivitet.				

Eining	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Konsekvens Justert 2014	Budsjett Rådmann	Kutt
Selje skule	16 293	15552	17 121	16 200	921
Ped. +adm i % Andre st.	20,22+2,15 3,75+SFO1,19	19,51 + 2,20 3,1 + SFO 0,8			
Elevtal	182	172	165		
Tiltak	Ein pedagog i 100 % stilling med full ans. kostar ca. kr. 600.000. Dersom skulen ikkje finn andre løysinga , vil rådmannen tilrå at ein i 2014 reduserer med 1 pedagogstilling. Resten må takast ved å redusere adm.tid, assistentressurs og vikariering.				
Konsekvens	Vil medføre meir samanslåing av timar og dårlegare tilbod til elevane.				

Eining	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Konsekvens Justert 2014	Budsjett Rådmann	Kutt
Stadlandet skule	15 498	15675	15 524	14800	724
Ped. Andre st.	14,60 +210 adm* 506	13,83+196,80adm 434,06			
Elevtal	100	96	94		
Tiltak	Ein pedagog i 100 % stilling med full ans. kostar ca. kr. 600.000. Dersom skulen ikkje finn andre løysingar, vil rådmannen tilrå at ein i 2014 reduserer med 0,5 pedagogstilling. Resten må takast ved å redusere adm.tid, assistentressurs og vikariering. Kommunalsjef må vurdere korleis kuttet elles skal fordelast mellom skule og barnehage.				
Konsekvens	Vil medføre meir samanslåing av timar og dårlegare tilbod til elevane				

* 20 % spes. ped. koord.

Eining	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Konsekvens Justert 2014	Budsjett Rådmann	Kutt
Flatrådet skule	5 324	5202	5 077	4 700	377
Ped. +adm Andre st.	5,90+0,60 2,83	5,50 +0,60 2,10			
Elevtal	52	43			
Tiltak	Tilsvaret ca. 0,4 pedagogstilling. Skulen må finne tiltak.				
Konsekvens	Vil medføre meir samanslåing av timar og dårlegare tilbod til elevane				

Eining	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Konsekvens Justert 2014	Budsjett Rådmann	Kutt
Ytre Stad skule og barnehage	3 648	3757	3 416	2 200	1 216 000
Ped. +adm personale		2,67 + 0,40 1,7 bh			
Elevtal	25	18	14		
Barnehageborn					
Tiltak	Arbeidsgruppe: Skulen vert lagd ned frå 1.8.2014 Barnehagen vert lagd ned frå 1.8.2014 Nedjustering av konsekvensjustert budsjett				800 200 216
Konsekvens	Viser til utgreiing i rapport frå arbeidsgruppe.				

Eining	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Konsekvens Justert 2014	Budsjett Rådmann	Kutt
Selje bhage	4 397	4211	4 632	3800	832
Stillingsheimlar					
Barnetal					
Tiltak	Assistent – fagarbeidar i 100 % stilling kr. 420.000 – 470.000 Redusere med 1 stilling. Ber om at adm. vurderer om konsekvensjustert budsjett kan nedjusterast i høve 2013				
Konsekvens					

Eining	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Konsekvens Justert 2014	Budsjett Rådmann	Kutt
Flatraket barnehage	3 663	3741	3 666	3 400	266
Stillingsheimlar					
Barnetal					
Tiltak	Assistent – fagarbeidar i 100 % stilling kr. 420.000 – 470.000 Redusere stilling ? Ber om at adm. vurderer om konsekvensjustert budsjett kan nedjusterast i høve 2013				
Konsekvens					

Helse og Sosial

Eining	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Konsekvens Justert 2014	Budsjett Rådmann	Kutt
NAV - Sosial	2 081	1946	2 480	2 100	380
Tiltak	Arbeidsgruppe: Justering av husleige /fordeling med stat Justering driftsavtale stat Agenda Kaupang: Kutt bemanning / økonomisk sosialhjelp				40 75 265
Konsekvens	Må forhandle med stat om ny fordeling av lønsutgifter.				

Eining	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Konsekvens Justert 2014	Budsjett Rådmann	Kutt
Helse og omsorg forvaltning	4 447	4024	4 931	4 700	231
Tiltak	Redusert bemanning 40 % Medfinansiering				190 41
Konsekvens	Redusert bemanning etter vedteke reglement. Vil medføre redusert sakshandsaming og dårlegare tenesteyting.				

Eining	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Konsekvens Justert 2014	Budsjett Rådmann	Kutt
Familie og velferd	6 168	6082	6 435	6 200	235
Tiltak	Redusert bemanning etter vedteke reglement/eventuelt Innsparingar på barnevernstiltak.				235
Konsekvens	Vil medføre redusert sakshandsaming og dårlegare tenesteyting				

Eining	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Konsekvens Justert 2014	Budsjett Rådmann	Kutt
Sjukeheimen	20 662	19484	20 130	19 543	587
Personal Leiar Gr.leiar etc		27,45 1 1			
Tiltak	Arbeidsgruppe: Reforhandle flexiturnus Redusere overlapping og rapport Redusere utg. til mat Rådmann: Nedjustering av konsekvensjustert budsjett og tiltak sjukefråvære				30 67 100 390
Konsekvens					

Eining	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Konsekvens Justert 2014	Budsjett Rådmann	Kutt
Legeteneste og fysioterapi	5 310	4966	5 652	5 100	552
Tiltak	Arbeidsgruppa: Red. driftsk. ved nedl. av Stadl. legektr. 100.000 Div.lønnskostn. 80.000 Rådmann: Halde kommunelege 1 st. (20 % samf. med. m.m) vakant og leige på timebasis. Bruk av fond (tilskot frå 2013) Nedjustering av konsekvensjustert budsjett, mindre bruk av dyre vikarer				50 (2014) 30 (2014) 150 100 222
Konsekvens	Ved nedlegging av legekontor, viser ein til rapport frå arbeidsgruppe.				

Eining	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Konsekvens Justert 2014	Budsjett Rådmann	Kutt
Heimetenestene	16 416	14759	15 860	1500	860
Personal					
Tiltak	Arb.gr: Redusere nattevaktstilling , 2 årsverk Samlokalisering				1 250 300
Konsekvens	Rådmannen har sett innsparinga i 2014 noko mindre enn forslaget frå arbeidsgruppa. Dette for å ta høgde for nok tid eventuelle omleggingar. Dersom ein oppnår meir enn kr. 860.000 , kan dette takast inn i budsjettjustering seinare.				

Eining	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Konsekvens Justert 2014	Budsjett Rådmann	Kutt
Vernepleie og psykiatri	15 556	13810	15 286	14000	1 286
Tiltak	Arb.gr. Redusere 1 ress. krevjende, 2,6 årsv. Redusere ekstra hjelp dagtid Redusere 42% st. helg Stille rapport Redusere nattevakt i omsorgsbustad Sum				1 100 68 227 70 296 1 761

Konsekvens	Rådmannen har sett innsparinga i 2014 noko mindre enn forslaget frå arbeidsgruppa. Dette for å ta høgde for nok tid eventuelle omleggingar. Dersom ein oppnår meir enn kr. 1.286.000 , kan dette takast inn i budsjettjustering seinare.
------------	--

Eining	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Konsekvens Justert 2014	Budsjett Rådmann	Kutt
Plan og utvikling	1 396	1784	1 918	1536	382
Tiltak	Rådmann: Tenesteleiarstilling vakant , rådmann tek adm. ansv. Avtale om avd. leiarfunksjon i 2014. Fagstilling redusert med 20 % Auka gebyr				100 100 182
Konsekvens	Det er svært knapp bemanning til planarbeid /arealdel. Det er sett av kr. 250.000 til dette arbeidet som kan brukast til intern eller ekstern hjelp.				

Eining	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Konsekvens Justert 2014	Budsjett Rådmann	Kutt
Næring og kultur	3 261	2169	1 683	1750	-67
Tiltak	Tenestesteleiar har permisjon, turistinf. 75 % vakant Bibliotek redusert.				
Konsekvens	Rådmannen har vurdert situasjonen og ser at budsjettet bør vere min. 1.750.000 Oppgåvene vert då løyst slik: Bibliotek og turistinfo. 100 % stilling Ungdomskoordinator får tillagt ein del kulturoppgåver i sin 50 % stilling. Adm.leiaransvar vert lagt til stab.				

Eining	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Konsekvens Justert 2014	Budsjett Rådmann	Kutt
Kommunalteknik	2 554	2471	2 304	1850	454
Tiltak	Arb. gr.: Slå av veglys Kutte stell i bed og parker Rådmann: Redusert vegvedlikehald				165 30 259
Konsekvens					

Eining	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Konsekvens Justert 2014	Budsjett Rådmann	Kutt
Brann	1 660	1661	1 986	1774	212
Tiltak					
Konsekvens					

Eining	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Konsekvens Justert 2014	Budsjett Rådmann	Kutt
Eigedom	7 790	10267	9 941	8500	1441
Tiltak	Arb.gr: Årvik skule Kutta 50 % stilling vedlikehald bygg Slå av varme på kommunehuset Kryssvekslar på Seljetunet Kutt sommervikarar Sum				6 89 30 100 62

	Rådmann: Førebels rekneskap 2013 viser at eigedom har brukt 9 572 000. Av dette er 1226000 mva. Dvs. 8 346 000 ekskl. mva. I 2014 får alle einingar tilbakeført mva. Rådmannen vil difor nedjustere konsekvensjustert budsjett for 2014.	1154
Konsekvens	Eigedom har vore lojale i høve kjøpestopp i 2013 og ser ut til å halde ramma med god margin. Dette går sjølvsagt utover vedlikehaldet og bygga forfell fortare. Det er difor leit at rådmannen må tilrå så store kutt.	

Eining	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Konsekvens Justert 2014	Budsjett Rådmann	Kutt
Samferdsel	1 389	1368	1 387	1285	102
Tiltak	Konsekvensjustert budsjett nedjustert.				102
Konsekvens	Avtaler går ut 1.6.14. Nye forhandlingar med fylkeskommunen og operatørar				

Eining	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Konsekvens Justert 2014	Budsjett Rådmann	Kutt
Interkommunale tiltak	388	400	425	335	90
Tiltak	Seie opp museumsavtaler				90
Konsekvens					

Lover/regelverk

Sakshandsamar si vurdering

Dette er ein særskilt krevjande øvelse – og rådmannen kan ikkje hugse tilsvarende utfordringar i budsjettssamanheng. Det vil krevje strukturendringar innafør heile organisasjonen og det vi snakkar om er å redusere antal tilsette i Selje kommune.

Når ein summerer kutta i tabellane ovanfor utgjer dette 18,5 årsverk. Ein del av desse årsverka er allereie avvikla.

Konsekvensane av dette er:

- Redusert tenestetilbod på nokre områder.
- Strukturendringar som nødvendigvis ikkje treng føre til dårlegare kvalitet

Nedbemanninga må utførast etter lov og avtaleverk. Saka skal drøftast med hoveditillitsvalde måndag 17.2.2014. Kommunen er ein stor organisasjon med mykje turn over og dette vil lette nedbemanninga.

I budsjettfordelinga er det føresett nedlegging av Ytre Stad skule og barnehage og Stadlandet legekantor. Rådmannen vil gjere merksam på at desse tiltaka må handsamast med egne saksnr. i kommunestyret.

Saksgang

Handsaming i:

Eldrerådet, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Driftsutvalet, Formannskapet.

Kommunestyret gjer endeleg vedtak

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

1. Kommunestyret vedtek fordeling av sektorammer slik det går fram i skjema ovanfor datert 27.02.14. Budsjettet medfører nedbemanning på 18,5 årsverk.
2. Styringsgruppa for økonomisk omstilling tek ansvar for at fylgjande tiltak vert vurdert, saksutgreia og kjem med i budsjetthandsaminga for 2014.
 - Eventuell innføring av eigedomsskatt
 - Adminstrasjonsbygg : Kva gjer vi med det gamle kommunehuset og skal vi fortsatt leige eller kjøpe kontorbygget?
 - Administrativ og politisk omorganisering
 - Selje kommune sine SFE aksjer
 - Interkommunalt samarbeid –jfr prosjekt.
 - Fleire strukturendringar (skule).
3. I budsjettfordelinga ovanfor er det føresett nedlegging av Ytre Stad skule og barnehage og Stadlandet legekontor. Dette vert å handsame som eigne saker i kommunestyret.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 18.02.2014

5 voterande.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne var samrøystes for framlagd uttale til sak FS 014/14.

RFF-003/14 VEDTAK

Uttale frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne:

1.Rådet støtter rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2014 på fylgjande vilkår:

- a) Bustadar til funksjonshemma kan samlokaliseras i Selje og på Stadlandet.
- b) Nye bustadar til funksjonshemma må tilretteleggast for privat finansiering.

2.Rådet forutset at fylgjande vert innarbeidd i Helse- og Omsorgsplan som eit resultat av budsjettvedtaket:

- at det vert sikra fagkompetanse nok til å ivareta dei funksjonshemma sine behov.
- at tenestetilbodet vert samordna til beste for den enkelte brukar.
- at dei pårørande vil vere ein ressurs som må brukast
- at organisering av Helse og Omsorg må gåast gjennom på nytt for å få tydelegare kommandolinjer.

3.Økonomisk omstilling og nedbemanning vil råke alle grupper. Rådet representerer mellom anna menneske som ikkje har eiga stemme, og bed om at det vert teke omsyn til desse.

4.Det er ein føresetnad at prosessane går føre seg innanfor vedtekne lover og reglement.

Samrøystes.

Saka var handsama paralellt med møte i Eldrerådet

Handsaming i Eldrerådet - 18.02.2014

4 voterande

Framlegg frå Johan Kroken:

1. Kommunestyret vedtek fordeling av sektorrammene i samsvar med vedtak kommunestyresak 72/13, justert med rådmannen sine framlegg til endring i denne saka, med fylgjande endring:
 - a) Barnehagedelen ved Ytre Stad skule og barnehage vert oppretthalden. Redusert innsparing kr. 200.000 i 2014 (400.000) på årsbasis. Ramma for Oppvekst vert auka med kr. 200.000 for 2014 (400.000 på årsbasis)
Politisk styring, sentraladm, religiøse føremål vert redusert tilsvarende kr. 200.000 for 2014 (400.000 på årsbasis).
 - b) Heimesjukepleien opprettar tilbod om teknisk-medisinske tenester som prøvetaking, blod-trykksmåling, sårskift og eventuelle andre tenester som ikkje treng handsaming av doktor.
Inga endring av ramma.
 - c) Det vert oppretta Dagavdeling for demente 80 %. Auka kostnad på årsbasis kr. 400.000.
Inga endring av ramma.
2. Styringsgruppa for økonomisk omstilling tek ansvar for at fylgjande tiltak vert vurdert, saksutgreia og kjem med i budsjetthandsaminga for 2014:

Som framlegget frå rådmannen med fylgjande tilleggspunkt:

- a) Gjennomgang av alle arbeidsavtaler med sikte på å fjerne særavtalte lønsgodtgjerdslar og arbeidstidsreduksjonar som ikkje er heimla i lov eller tariffavtalar, t.d. betalt matpause.

Framlegg frå Mathias Drage:

1. Kommunestyret vedtek fordeling av sektorrammene i samsvar med vedtak kommunestyresak 72/13, justert med rådmannen sine framlegg til endring i denne saka, med fylgjande endring:
 - a) Doktorkontoret på Stadlandet vert oppretthalde.
 - b) Det vert oppretta Dagavdeling for demente 80 %. Auka kostnad på årsbasis kr. 400.000.
Inga endring av ramma.
2. Styringsgruppa for økonomisk omstilling tek ansvar for at fylgjande tiltak vert vurdert, saksutgreia og kjem med i budsjetthandsaminga for 2014:

Som framlegget frå rådmannen med fylgjande tilleggspunkt:

- a) Gjennomgang av alle arbeidsavtaler med sikte på å fjerne særavtalte lønsgodtgjerdslar og arbeidstidsreduksjonar som ikkje er heimla i lov eller tariffavtalar, t.d. betalt matpause.

Røysting:

Framlegg frå Johan Kroken fekk 1 røyst for.

Framlegg frå Mathias Drage fekk 3 røyster for.

ELD-003/14 VEDTAK

1. Kommunestyret vedtek fordeling av sektorrammene i samsvar med vedtak kommunestyresak 72/13, justert med rådmannen sine framlegg til endring i denne saka, med fylgjande endring:

- a) Doktorkontoret på Stadlandet vert oppretthalde.
- b) Det vert oppretta Dagavdeling for demente 80 %. Auka kostnad på årsbasis kr. 400.000. Inga endring av ramma.

2. Styringsgruppa for økonomisk omstilling tek ansvar for at fylgjande tiltak vert vurdert, saksutgreia og kjem med i budsjetthandsaminga for 2014:

Som framlegget frå rådmannen med fylgjande tilleggspunkt:

- a) Gjennomgang av alle arbeidsavtaler med sikte på å fjerne særavtalte lønsgodtgjerdslar og arbeidstidsreduksjonar som ikkje er heimla i lov eller tariffavtalar, t.d. betalt matpause.

Handsaming i Driftsutvalet - 19.02.2014

7 voterande.

Framlegg frå TVP:

1. Kommunestyret vedtek fordeling av sektorrammene slik det går fram i skjema ovanfor datert 27.02.14. Budsjettet medfører nedbemanning på 18,5 årsverk.

2. Rådmannen har ansvar for at fylgjande tiltak skal saksutgreiast og kjem med i budsjetthandsaminga for 2014.

- Eventuell innføring av eigedomsskatt.
- Administrasjonsbygg: Kva gjer vi med det gamle kommunehuset og skal vi fortsatt leige eller kjøpe kontorbygget.
- Administrativ og politisk omorganisering.
- Selje kommune sine SFE-aksjar.
- Interkommunalt samarbeid – jfr. Prosjekt.
- Fleire strukturendringar (skule).

3. I budsjettfordelinga ovanfor er det føresett nedlegging av Ytre Stad Skule og barnehage og Stadlandet legekantor. Desse vert handsama som eigne saker i kommunestyret.

Framlegg frå FRP og H:

Tilrådinga frå administrasjonen teke til vitande.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 0 røyster for.

Framlegg frå TVP fekk 4 røyster for.

Framlegg frå H og FRP fekk 3 røyster for.

KU-004/14 VEDTAK

1. Kommunestyret vedtek fordeling av sektorrammene slik det går fram i skjema ovanfor datert 27.02.14. Budsjettet medfører nedbemanning på 18,5 årsverk.

2. Rådmannen har ansvar for at fylgjande tiltak skal saksutgreiast og kjem med i budsjetthandsaminga for 2014.

- Eventuell innføring av eigedomsskatt.
- Administrasjonsbygg: Kva gjer vi med det gamle kommunehuset og skal vi fortsatt leige eller kjøpe kontorbygget.
- Administrativ og politisk omorganisering.
- Selje kommune sine SFE-aksjar.
- Interkommunalt samarbeid – jfr. Prosjekt.
- Fleire strukturendringar (skule).

3. I budsjettfordelinga ovanfor er det føresett nedlegging av Ytre Stad Skule og barnehage og Stadlandet legekantor. Desse vert handsama som egne saker i kommunestyret.

Handsaming i Formannskapet - 20.02.2014

7 voterande.

Raymond Myren fekk permisjon under handsaming av saka og deltok ikkje ved røystinga.

6 voterande

Endring i tilråding frå administrasjonen:

Pkt. 2 (to fyrste linjer skal lyde slik):

Styringsgruppa for økonomisk omstilling tek ansvar for at fylgjande tiltak vert vurdert, saksutgreia og kjem med i budsjetthandsaminga for 2014/**2015**.

Fellesframlegg

1. Kommunestyret vedtek fordeling av sektorrammene slik det går fram i skjema ovanfor datert 27.02.14. Budsjettet medfører nedbemanning på 18,5 årsverk.

2. Rådmannen har ansvar for at fylgjande tiltak skal saksutgreiast og kjem med i budsjetthandsaminga for 2014/2015.

- Eventuell innføring av eigedomsskatt.
- Administrasjonsbygg: Kva gjer vi med det gamle kommunehuset og skal vi fortsatt leige eller kjøpe kontorbygget.
- Administrativ og politisk omorganisering.

- Selje kommune sine SFE-aksjar.
- Interkommunalt samarbeid – jfr. Prosjekt.
- Fleire strukturendringar (skule).

3.I budsjettfordelinga ovanfor er det føresett nedlegging av Ytre Stad Skule og barnehage. Stadlandet legekantor leggst ikkje ned no. (100.000 takast ut som kutt frå budsjettet) Ein går i dialog med Mathias Drage som har ytra ein sum av 100.000 kr. for å oppgradere legekantoret på Stadt. Ein vurderer oppgradering av legekantoret på Stadt til at 2 legar kan praktisere der samstundes – samt at ein ser på gjeldande krav til det bygningsmessige. Jfr. krav og lover Dette vert å handsame som eigne saker i kommunestyret.

4.Oppvekst: Selje er ei kystkommune og har i dag ei symjeopplæring som er på eit absolutt minimumsnivå. Tilbodet som er lovpålagt skal ikkje reduserast og skal først opp med kr. 100.000 som er lik vedtatt budsjett for 2014.

Framlegg frå Selje SP, FRP, H og UAVH:

Formannskapet ynskjer utredning og endring av adm. og pol. omorganisering som første punkt.

Tidfesta til 28. april (kommunestyremøte) då ein er i balanse jfr. budsjett 2014 og rekneskap 2013.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 0 røyster for.

Fellesframlegg fekk 6 røyster for. Samrøystes.

Framlegg frå Selje SP, FRP, H og UAVH fekk 6 røyster for. Samrøystes.

FS-014/14 FRAMLEGG

1.Kommunestyret vedtek fordeling av sektorrammene slik det går fram i skjema ovanfor datert 27.02.14. Budsjettet medfører nedbemanning på 18,5 årsverk.

2.Rådmannen har ansvar for at fylgjande tiltak skal saksutgreiast og kjem med i budsjetthandsaminga for 2014/2015.

- Eventuell innføring av eigedomsskatt.
- Administrasjonsbygg: Kva gjer vi med det gamle kommunehuset og skal vi fortsatt leige eller kjøpe kontorbygget.
- Administrativ og politisk omorganisering.
- Selje kommune sine SFE-aksjar.
- Interkommunalt samarbeid – jfr. Prosjekt.
- Fleire strukturendringar (skule).

3.I budsjettfordelinga ovanfor er det føresett nedlegging av Ytre Stad Skule og barnehage. Stadlandet legekantor leggst ikkje ned no. (100.000 takast ut som kutt frå budsjettet) Ein går i dialog med Mathias Drage som har ytra ein sum av 100.000 kr. for å oppgradere legekantoret på Stadt. Ein vurderer oppgradering av legekantoret på Stadt til at 2 legar kan praktisere der samstundes – samt at ein ser på gjeldande krav til det bygningsmessige. Jfr. krav og lover Dette vert å handsame som eigne saker i kommunestyret.

4.Oppvekst: Selje er ei kystkommune og har i dag ei symjeopplæring som er på eit absolutt minimumsnivå. Tilbodet som er lovpålagt skal ikkje reduserast og skal først opp med kr. 100.000 som er lik vedtatt budsjett for 2014.

Formannskapet ynskjer utredning og endring av adm. og pol. omorganisering som første punkt.

Tidfesta til 28. april (kommunestyremøte) då ein er i balanse jfr. budsjett 2014 og rekneskap 2013.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	20.02.2014	015/14

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Kristian Nave	FA-S00	14/103

Utsetting av bølgekraftverk ved Dragefalla - Stadt Wind AS

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	05.02.2014	Stadt Wind AS	Søknad om løyve til utsetting av bølgekraftverk - Testområde Stadt posisjon Drage
2	I	10.02.2014	Nordfjord Havn IKS	Søknad om utsetting
4	I	18.02.2014	Kystverket	Søknad om tiltak i sjø - Uttesting av bølgekraftverk - forankre fartøy M/S Stålholm

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
05.02.2014	Søknad til Selje kommune om uttesting av Bølgekraftverk på Testområde Stadt posisjon Drage 310114.pdf	52276
11.02.2014	Stadt Wind AS 10.2.2014.pdf	52407
15.12.2009	Godkjenning av testområde Stadt	15909
13.05.2009	Dispensasjon frå kystsoneplanen for testområde for flytande vindmøller - Vestavind Kraft AS - klage	11966

Saka gjeld

Stadt Wind søker om utsetting av bølgekraftverk for testing ved Dragefalla. Bølgekraftverket er påmontert den tidlegare fiskebåten Stålholm og testinga er søkt gjennomført kontinuerleg frå mars 2014 og inntil 2 år framover.

Opplysningar til saka

Stadt Wind AS ynskjer å nytte Vestavind Kraft AS sin konsesjon frå NVE til «å bygge og drive et testområde for offshore flytende vindkraft kaldt Testområde Stadt» av 2. desember

2009 til denne uttestinga av bølgekraftverk. For denne lokaliteten ved Dragefalla var det ei tidsavgrensing ved utsetting av vindturbin til tidsrommet 15. oktober til 1. april. Det vart gjeve dispensasjon frå kystsoneplanen i sak 060/09 med same avgrensing i tid. (15.10 til 01.04)

Lover/regelverk

Plan- og bygningslov.
Kommuneplanen sin arealdel - kystsoneplanen.

Finansiering

Tiltakshavar (Stadt Wind AS) må bære alle kostnader i samband med dispensasjonssøknaden.

Sakshandsamar si vurdering

Dette er ei hastehandsaming av saka for å eventuelt kome søkjar i møte med oppstart neste månad.

Søknaden stemmer ikkje heil med konsesjonen frå NVE ved at den ikkje omhandla bølgekraft. Visuelt er dette prosjektet vurdert til å vere mindre skjemmaende og det er mindre omfattande ved at det ikkje skal leggest kabel.

Det er søkt om at kraftveket skal ligge ute kontinuerleg i inntil 2 år. Dette går ut over det tidlegare dispensasjonsvedtaket i sak 060/09 og konsesjonsvilkåra frå NVE der testinga var avgrensa til perioden 15. oktober til 1. april. Grunnen til tidsavgrensinga var merkander frå fiskerinæringa og omsynet til Selje kloster og turistnæringa.

Det var mange kritiske merknader ved dispensasjonssaka i 2009 som også kan vere aktuelle ved denne handsaminga.

Sakshandsamar vurderer det slik at dei som var partar i dispensasjonssaka i 2009 også er partar no ved at det er endringar i tidsperioden for testinga. Dei har heller ikkje fått uttale seg om saka på førehand. Desse vil då få utskrift av saka tilsendt.

Sakshandsamar har hatt svært kort tid til denne saksutgreiinga og ikkje stor kompetanse på fagområdet og finn difor ikkje å gje ei kvalifisert tilråding i saka.

Konklusjon

Formannskapet må ta stilling til om dispensasjonsvedtaket i sak 060/09 gjeld for denne søknaden og spesielt utviding til testing heile året.

Saksgang

Formannskapet gjer vedtak.

Vedtaket kan påklagast av part i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker etter at melding om vedtaket er kome fram. Klagen skal sendast til Selje kommune, 6740 Selje og må vere underskriven. Med visse unntak har part(ar) rett til dokumentinnsyn i saka.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Sjå nedanfor

.....

Alternativ til vedtaksordlyd:

Søknaden vert imøtekomen og det vert gjeve dispensasjon frå kystsoneplanen som omsøkt eller

Søknaden vert imøtekomen og det vert gjeve dispensasjon frå kystsoneplanen på følgjande vilkår/med desse avgrensingane....

eller

Søknaden frå Stadt Wind AS vert avslått.

(Dersom grunnen til vedtaket ikkje går fram av utgreiing bør den skrivast i vedtaket.)

Utskrift til: Riksantikvaren

Vågsøy Fiskarlag

Selje Fiskarlag

Sogn og Fj. Fiskarlag

Nordfjord Hamn

Kystverket Vest

M/S Caro

Selje Kloster v/Bjørn Jensen

NVE v/Gudmund Synnes

Vestavind Kraft AS, v/Edgar Kvernevik

Fiskeridirektoratet Region Vest

Handsaming i Formannskapet - 20.02.2014

6 voterande

Framlegg frå Ordførar:

Søknaden vert imøtekomen og det vert gjeve dispensasjon frå Kystsoneplanen som omsøkt. Dispensasjonen gjeld frå den dato bølgekraftverket vert utplassert og i 2 år.

Grunngjeving:

Konsesjon gitt av NVE 16.11.2009 for å bygge og drive Testområde Stadt, vart gitt for å fremme utvikling av offshore, flytande vindturbinar. Testanlegget ville gje produsentar mulegheita til å teste ut, og sertifisere sine produkt i varierende vind- og bølgefjorhold, og vere med å legge til rette for ein framtidig fornybar elektrisitetsproduksjon til havs.

Det er i dag ingen som har planar om å utplassere vindturbinar i Testområde Stadt i tråd med konsesjon gitt av NVE. Selje kommune ser det derfor som nyttig å kunne nytte testområdet til uttesting av ein annan type fornybar elektrisitetsproduksjon, nemleg bølgekraft.

Med bakgrunn i at dette prosjektet har eit meir maritimt preg ved at det er ein båt som ligg til anker, og ikkje ei vindmølle, ser Selje kommune det som mindre vesentleg at brukstida av testområdet vert utvida til å gjelde heile året.

Røysting:

Framlegg frå Ordførar fekk 6 røyster for. Samrøystes.

FS-015/14 VEDTAK

Søknaden vert imøtekommen og det vert gjeve dispensasjon frå Kystsoneplanen som omsøkt. Dispensasjonen gjeld frå den dato bølgekraftverket vert utplassert og i 2 år.

Samrøystes.

Utskrift:

Riksantikvaren

Vågsøy Fiskarlag

Selje Fiskarlag

Sogn og Fj. Fiskarlag

Norfjord Hamn

Kystverket Vest

M/S Caro

Selja kloster v/Bjørn Jensen

NVE v/Gudmund Synnes

Vestavind Kraft AS v/Edgar Kvernevik

Fiskeridirektoratet Region Vest



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	20.02.2014	016/14
Kommunestyret	27.02.2014	

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Reidar Sandviknes	FA-P00	13/651

Fleirbrukshamn på Stadlandet - Uttale til prosjekt

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
3	U	09.12.2013	Stig Rune Oldeide / Nils Myklebust	Nordfjord Havn IKS - Varsel om innspel frå Selje kommune
2	I	09.12.2013	Nordfjord Havn IKS	Handlingsprogram /strategiplan 2014-2018
4	U	10.12.2013	Nordfjord Havn IKS v/Håkon Olsen	Førebels svar vedk. rullering handlingsplan
5	I	16.12.2013	Stadlandet Bedriftsforening	Vedkl. fleirbrukshavn på Leikanger - Tillegg til KS 075/13
6	U	20.12.2013	Nordfjord Havn	Melding om vedtak - Nordfjord Havn IKS - Rullering av handlingsprogram/strategiplan 2014 - 2018
7	I	14.02.2014	Stadlandet Bedriftsforening	Fleirbrukshavn på Stadlandet - Oppmoding om uttale

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
20.02.2014	Fleirbrukshavn-V2.pdf	52593

Opplysningar til saka

SB har sent til kommunen eit prospekt om fleirbrukshamn på Stadlandet og ynskjer at kommunestyret gir ein positiv uttale til prosjektet.

SB ynskjer at masseuttaket frå Stad Skpstunel skal nyttast til å byggje Fleirbrukshamn på Leikanger.

Det vert vist til potensiale for cruisetrafikk, småbåtturisme som kan gi store ringverknader for næringslivet, særleg innafor handel og dei turistretta bransjene.

Kan gi stort industriareal både for lokal industri og nye aktørar som vil etablere seg her.

Muligheiter for olje- og offshore verksemdar, fiskeri- og fiskerierelatert industri, nye arbeidsplassar innan oppdrettsnæringa, oljeverndepot, gods- og containerterminal.

Kan utløyse vegprosjekt «Årsheimstranda», Sandvikeidet, Manseidet og opprusting av Vestkappvegen.

Kan medverke til fleire arbeidsplassar i kommunen.

Til slutt skriv SB:

- *«Det er viktig at næringsliv i Selje Kommune kommer sammen så raskt som mulig for å «meisle» ut en felles strategi opp mot lokal, regionale politikere, kystverket og potensielle brukere av flerbrukshavnen.*
- *Det burde settes ned arbeidsgrupper innen industri, Fiske, oppdrett, turisme og infrastruktur, for å jobbe videre med prosjektet.*
- *Finansiere og utformet en mer «proff» presentasjon av prosjektet som kan presenteres parallelt med Stadt Tunnel under messer og ved møter med kystverket ol. »*

SB sin oppsummering.

- *«Dette er kun noen av mulighetene som kan komme i kjølvannet av en flerbrukshavn basert på bruk av massen fra Stadt Skipstunnel.*
- *Det er nå vi må starte jobben med å samle alle gode krefter i regionen, slik at vi kan være med å bestemme den videre utviklingen av lokalsamfunnet vårt her i Selje kommune.*
- *Stadt tunnelen vil gi oss mange nye muligheter til å utvikle vårt lokalsamfunn, de er da viktig at vi involverer oss på et tidlig tidspunkt i prosessen. »*

SB har dette forslaget til uttale:

Selje kommune er positiv til prosjekt «Fleirbrukshamn på Stadlandet».

Selje Kommunestyre ber Stadlandet bedriftsforening om å arbeide vidare med dette, under føresetnad at det ikkje hefter Selje kommune økonomisk.

Selje kommune ser på dette som ein synergi effekt av Stad Skipstunnel, og ønskjer at Nordfjord Vekst tek planane om en Fleirbrukshamn på Stadlandet inn i arbeidet med ringverknader i samband med bygging av Stad Skipstunnel

Rådmannen viser elles til tidlegare vedtak om cruisekai/djupvasskai på Stadlandet:

«KS-075/13 VEDTAK

I samband med rullering av handlingsprogram/strategiplan 2014 – 2018 for Nordfjord Hamn IKS, spelar Selje kommune inn to prosjekt: *Hurtigbåtterminal i Selje / Moldefjordområdet og cruisekai / djupvasskai m/bakenforliggende næringsareal på Stadlandet.*

Nærare plassering av desse anlegga vert å sende Nordfjord Havn etter at det er avklart gjennom arbeidet med kommuneplanen for Selje kommune. Denne er planlagt ferdig innan utgangen av 2014.»

Saksgang

Kommunestyret gjer vedtak

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Administrasjonen viser til forslag til uttale frå Stadlandet bedriftsforening og legg denne fram for kommunestyret til vurdering.

Handsaming i Formannskapet - 20.02.2014

6 voterande

Fellesframlegg:

Selje kommune er positiv til prosjekt «Fleirbrukshamn på Stadlandet».

Selje Kommunestyre ber Stadlandet bedriftsforening om å arbeide vidare med dette, under føresetnad av at det ikkje heftar Selje kommune økonomisk. Selje kommune ser på denne måten å bruke overskuddsmassen på som fornuftig. Dette vil gi viktige og nyttige synergi effekter i heile regionen., og ønsker at Nordfjord Vekst tek planane om ei Fleirbrukshamn på Stadlandet inn i arbeidet med ringverknader i samband med bygging av Stadt Skipstunnel.

Røysting:

Fellesframlegget fekk 6 røyster for. Samrøystes.

FS-016/14 FRAMLEGG

Som fellesframlegget.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	20.02.2014	017/14
Kommunestyret	27.02.2014	

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Svein Barmen	FA-U63	14/130

Serveringsløyve - Stadsurfing AS

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	13.02.2014	Torkild Strandvik; Jan Petter Solberg; Mads Jonsson	Søknad om serveringsløyve
3	I	17.02.2014	Politiet - Selje Lensmannskontor	Uttale til søknad

Saka gjeld

Serveringsløyve til Stadsurfing AS

Opplysningar til saka

Stadsurfing AS orgnr. 812 415 662 har som føremål: «Drift av surfepensjonat, servering, utleie av utstyr, reparasjon av utstyr, butikkdrift, kursvirksomhet og annen nærliggende virksomhet». Personane bak føretaket er: Torkild Strandvik, Mads Jonsson og Jan Petter Solberg. Dagleg leiar er Jan Petter Solberg.

Driftskonsept: «Stadsurfing er pr. i dag et overnattingsted. Vi vil utvikle til å kunne servere våre gjester kortreist lokal mat. Om sommeren vil vi servere mat til tilreisende i Hoddevika gjennom et utendørs serveringssted»

Stadsurfing er lokalisert på Gbnr. 46/29. Torkild Strandvik 6750 Stadlandet eig den faste egedomen. Eigedomen er omregulert til bustad kombinert med overnatting. Sak PS/DS 008/14

Jan Petter Solberg og Mads Jonsson har bestått «Etablererprøven for serveringsvirksomhet»

Mattilsynet har hatt tilsyn og gir rettleiing om internkontroll av vassforsyninga. Bedrifta kjem inn under drikkevannsforskriften §10, og må gjennom vassprøver dokumentere kvaliteten på vatnet.

Skattekrav: Ingen

Merknad frå politiet: Ingen

Lover/regelverk

Serveringsloven

Lokal forskrift om opnings- og skjenketider for serveringsstadar mm, Selje kommune

Konklusjon

Det er ikkje nemnt noko i søknaden om opnings- og stengetider. Selje kommune har i eiga forskrift fastsett stengetider for serveringsstader mellom klokka 0300 og 0600. Ein gjer vidare merksam på Kapittel 3 i Serveringsloven: «Krav til drift av serveringssted».

Føretaket oppfyller elles kommunen sin krav for drift av serveringsverksemd.

Saksgang

Formannskapet tilrår til kommunestyret som gjer vedtak.

Klageadgang

Vedtak i denne saka er enkeltvedtak etter Forvaltningslova.

Klagefrist er 3 veker jf. Fvl. Kap VI.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Stadsurfing AS Gbnr. 46/29, dagleg leiar Jan Petter Solberg får serveringsløyve som omsøkt.

Serveringsstaden skal ha stengetider etter kommunal forskrift.

Kommunen vil føre kontroll med drifta jf. Serveringsloven §13

Handsaming i Formannskapet - 20.02.2014

6 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 6 røyster for. Samrøystes.

FS-017/14 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	20.02.2014	018/14
Kommunestyret	27.02.2014	

Sakshandsamar Svein Barmen	Arkiv FA-U63	Arkivsak 14/129
-------------------------------	-----------------	--------------------

Skjenkeløyve for alkohol - Stadsurfing AS

Dokumentliste

Saka gjeld

Ordinært skjenkeløyve for Stadsurfing AS

Opplysningar til saka

Stadsurfing AS, nytt føretak, orgnr. 812 415 662.

Adresse: Hoddevik 6750 Stadlandet

Eigartilhøve:

Torkild Strandvik 40%, Mads Jonsson 30% Jan Petter Solberg 30% alle 6750 Stadlandet.

Driftskonsept:

«Vi ønsker å kunne servere våre gjester alkohol med den tradisjonsrike maten her på Stadlandet. På sommeren ønsker vi å kunne servere alkoholholdig drikke i utekjøkken».

Søknaden gjeld ordinært skjenkeløyve for alkoholholdig drikk i gruppe 1, 2, og 3 (øl, vin og brennevin)

Ansvarleg skjenkestyrar: Jan Petter Solberg 6750 Stadlandet

Stedfortredar: Mads Jonsson 6750 Stadlandet

Lokalitet: Gbnr 46/29, Hoddevik, Selje kommune

Skjenkeareal: Innomhus og uteområdet på Gbnr 46/29

Forventa omsetning: Ikkje oppgitt

Skjenketid: Kommunens maksimaltid

Uttale frå politiet: Dokument i saka

Uttale frå NAV: Dokument i saka

Jan Petter Solberg har bestått kunnskapsprøve i Alkohollova 08.11.2013

Mads Jonsson har bestått kunnskapsprøve i Alkohollova 06.12.2013

Lover/regelverk

Alkohollova

Forskrift til alkohollova
Kommunal forskrift om opnings og stengetider mm.

Sakshandsamar si vurdering

Skjenkeområdet må gjerdast inne og ha berre ein inngang/ utgang.
Kommunes maksimaltider for skjenking er:
Øl og vin mellom klokka 0800 og klokka 0200
Brennevin mellom klokka 1300 og klokka 0100,
Utandørs servering følg same tidene

Saksgang

Formannskapet tilrår til Kommunestyret som gjer vedtak

Klageadgang

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter Forvaltningslova kapittel VI.
Klagefristen er 3 veker.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Stadsurfing AS orgnr. 812 415 662 får tildelt slikt skjenkeløyve frå vedtak er gyldig til 30.06.2016:

Ordinært skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2, og 3 (øl, vin og brennevin)

Ansvarleg skjenkestyrar: Jan Petter Solberg 6750 Stadlandet

Stedfortredar: Mads Jonson 6750 Stadlandet

Lokalitet: Gbnr 46/29, Hoddevik, Selje kommune

Skjenkeareal: Innomhus og uteområdet på Gbnr 46/29.. Uteområdet må gjerdast inne og ha berre ein inngang/ utgang.

Skjenketid: Kommunens maksimaltider:

Øl og vin mellom klokka 0800 og klokka 0200

Brennevin mellom klokka 1300 og klokka 0100

Utandørs servering følg same tidene

Løyvet er elles avgrensa til det som til einkvar tid måtte gå fram av alkohollova, forskrift til denne og kommunal forskrift.

Selje kommune vil føre kontroll med løyvet jf. Forskrift til alkohollova Kap. 9

Handsaming i Formannskapet - 20.02.2014

6 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 6 røyster for. Samrøystes.

FS-018/14 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	20.02.2014	019/14
Kommunestyret	27.02.2014	

Sakshandsamar Bård Fløde	Arkiv FA-B12	Arkivsak 12/1111
------------------------------------	------------------------	----------------------------

Forskrift for skulekrinsar i Selje kommune

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	S	22.10.2012		Forskrift - Skulekrinsar i Selje kommune
2	I	30.10.2012	Ytre Stad skule og barnehage v/FAU	Klage på saksnr 049/12: Forskrift - Skulekrinsar i Selje kommune
3	U	18.12.2012	Dei som skal ha utskrift	Melding om vedtak - Forskrift - Skulekrinsar i Selje kommune
4	S	07.03.2013		Lokal forskrift om skulekrinsar i Selje kommune - Vedtak om høyring
5	I	11.03.2013	Foreldereutvalet - Ytre Stad skule og barnehage	Vedlegg til sak 011/13 i Driftsutvalet 14.03.13
6	U	19.03.2013	Høyringsinstansane	Høyringsbrev - Lokal forskrift om skulekrinsar i Selje kommune
7	I	22.04.2013	FAU Flatraket skule	Høyringsfråsegn
9	I	07.05.2013	Samarbeidsutvalet ved Flatraket Skule	Høyringsfråsegn
8	I	07.05.2013	FAU Flatraket Skule	Høyringsfråsegn
12	I	14.05.2013	Samarbeidsutvalet v/Stadlandet oppvekstsenter	Høyringsfråsegn
11	I	15.05.2013	Utdanningsforb. v/Flatraket skule	Høyringsfråsegn
10	I	15.05.2013	Selje Venstre	Høyringsfråsegn
16	I	15.05.2013	Elevrådet v/Flatraket skule	Høyringsfråsegn
15	I	15.05.2013	Utdanningsforb. v/Stadlandet Oppvekstsenter	Høyringsfråsegn
14	I	15.05.2013	FAU og SU v/Ytre Stadlandet skule og barnehage	Høyringsfråsegn
13	I	15.05.2013	Barmøy Bygdelag	Høyringsfråsegn

20	I	21.05.2013	Ytre Stadlandet skule og barnehage	Høyringsfråsegn
19	I	24.05.2013	SAU Stadlandet oppvekstsenter	Høyringsfråsegn
21	S	31.07.2013		Lokal forskrift om skulekrinsar i Selje kommune

Saka gjeld

Det skal gjerast vedtak om forskrift for skulekrinsar i Selje kommune.

Opplysningar til saka

Kommunestyret i Selje gjorde i sak 84/12 17.12.2012 vedtak om oppstart av arbeid med forskrift for skulekrinsar i kommunen. Kommunestyret gjorde vedtak om at desse alternativa skulle utgreiast:

- Dei fire skulekrinsane vert oppretthaldne i planperioden med mindre særskilde omsyn gjer det påkrevd med nye vurderingar.
- Skulekrinsane i Selje vert vurdert reduserte til tre, og nedlegging av Ytre Stad skule og barnehage (skulen) vert utgreidd for vedtak gjennom forskrift for skulekrinsgrenser i Selje kommune.
- Skulekrinsane i Selje vert vurdert reduserte til til tre. Det vert halde fram med å drive skule i to skulebygg i ny Stadlandet skulekrins, der Ytre Stad skule og barnehage (skulen) og Stadlandet Oppvekstsenter (skulen) inngår.
- Alle skulane i Selje inngår i ein samla skulekrins.
- Selje og Flatraket som ein krins.

Driftsutvalet gjorde 14. mars vedtak i sak 11/13 om eit høyringsbrev med utgreiing av kommunestyret sine alternativ. Høyringsfrist vart sett til 15. mai. I høyringsbrevet var krinsalternativa skisserte slik:

- Skulekrinsane vert som i dag.
- Skulekrinsane i kommunen blir reduserte til tre, og elevane ved Ytre Stad skule og barnehage vert overførte til Stadlandet Oppvekstsenter frå 01.08.2014.
- Skulekrinsane i kommunen blir reduserte til tre, og elevane ved Flatraket skule vert overførte til Selje skule frå 01.08. 2014.
- Skulekrinsane i kommunen blir reduserte til to, der elevane ved Ytre Stad skule og barnehage vert overførte til Stadlandet Oppvekstsenter og elevane ved Flatraket skule vert overførte til Selje skule. Iverksetjing frå 01.08.2014.

Kommunestyret sitt alternativ c vart til som eit framlegg til å løyse planlagd barnehageutbygging i Stadlandet oppvekstsenter (alternativ til utviding av Leikvang). Gjennom ei omorganisering skulle det gjerast plass for den utvida barnehagedrifta i eksisterande skulelokale i Stadlandet oppvekstsenter. Småskulen skulle samlast i skulebygget på Ytre.

Etter kommunestyret sitt vedtak om å bygge på eksisterande barnehagebygg, valde sakshandsamar å sjå vekk frå dette alternativet (sjå saksutgreiing til høyringsbrevet).

Det vart gjennomført folkemøte på Ytre Stad skule og barnehage og på Flatraket skule.

Det kom inn 10 høyringsuttalar.

Desse instansane har levert høyringsuttale:

FAU Flatraket skule
SU Flatraket skule
Selje Venstre
Utdanningsforbundet ved Flatraket skule
Barmøy Bygdelag
FAU og SU ved Ytre Stad skule og barnehage
Utdanningsforbundet ved Stadlandet oppvekstsenter
Elevrådet ved Flatraket skule
SU ved Stadlandet oppvekstsenter
Utdanningsforbundet ved Ytre Stad skule og barnehage

Høyringsuttalane ligg ved i saka.

Samandrag av høyringsuttalane

FAU Flatraket skule:

Uttalen legg særleg vekt på den forlenga reisetida for elevane. Bortfall av SFO i bygda er også vektlagd. Uttalen peikar også på at Flatraket er ei bygd i vekst. Konklusjonen er at skulen må oppretthaldast.

SU Flatraket skule:

Uttalen støttar alle punkt i uttalen frå FAU ved skulen.

Selje Venstre:

Uttalen syner til innspela på folkemøta om samfunnsdelen i kommuneplanen for to år sidan, der skulen vart sterkt prioritert. Her vert det vist til kva som må til for å initiere auka busetnad i bygdene. Uttalen peikar også på at evt. nedlegging av skular gjer vesentleg lengre reisetid for elevane. Konklusjonen er å oppretthalde noverande skulestruktur.

Utdanningsforbundet ved Flatraket skule:

Uttalen støttar framlegg a, med fire skulekrinsar som i dag.

Barmøy Bygdelag:

Uttalen syner til kor viktig Flatraket skule er som samlingsfaktor for bygdene i den sørlege delen av kommunen. Vidare peikar uttalen på at Flatraket er ein krins i vekst. Konklusjonen er at Flatraket skule må bestå.

Fau og SU ved Ytre Stad skule og barnehage:

Uttalen meiner at skulen er sentral for å få utvikling i bygda. Det blir synt til relativt stor tilflytting til krinsen dei seinare åra (uttalen har vedlagd lokal statistikk). Dette syner at framskriving av folketalsstatistikkar ikkje gjev godt grunnlag for prognosar. Uttalen vektlegg særleg den auka reisetida evt. nedlegging vil bety for dei minste elevane. Det vert uttalt at alternativet med småskule på Ytre er interessant. Uttalen slær fast at det finst ei nedre grense for drift av skulen, både kva gjeld elevtal, økonomi og tilbod – men talfestar ikkje slik grense. Konklusjonen er å oppretthalde fire skulekrinsar.

Utdanningsforbundet ved Stadlandet oppvekstsenter:

Uttalen argumenterer med at ei evt. samanslåing av skular vil binde opp meir tid for rektor – tid som dei tilsette meiner bør prioriterast pedagogisk leing. Uttalen peikar på at det meste av

bygningssmassen på Stadlandet oppvekstsenter er gamal og nedsliten. Fleire elevar vil bety større slitasje. Det vert også synt til den lange skulevegen for dei minste elevane ved ei evt. samanslåing av skular. Konklusjonen er at Stadlandet oppvekstsenter og Ytre Stad skule og barnehage ikkje blir samanslegne.

Elevrådet ved Flatraket skule:

Uttalen peikar på at skulen i dag har eit godt skulemiljø, og at elevane har god plass både inne og ute. Det blir trangare om dei skal gå på Selje skule. Det vert peika på lang skuleveg og auka kostnad viss alle elevane må til Selje skule.

SU ved Stadlandet oppvekstsenter:

Uttalen syner til at elevrådet har ei uttale om at dei ynskjer at det vert fire skulekrinsar så lenge det er elevgrunnlag på Ytre, og fordi det blir lang skuleveg for minste elevane ved skuledlegging. Ei uttale frå andre tilsette ved skulen ynskjer oppretthalding av fire skulekrinsar. FAU uttalar at dei ynskjer nedlegging av Ytre Stad skule og barnehage. SU røysta over alternativa a og b, der alternativ b fekk 3 røyster og alternativ a fekk 6 røyster.

Utdanningsforbundet ved Ytre Stad skule og barnehage:

Uttalen stiller seg bak uttalen frå FAU og SU ved skulen.

Folkemøta

Dei elementa/tema som kom fram under ordskifta på folkemøta på Ytre Stad skule og barnehage og på Flatraket skule, er komne fram gjennom høyringsuttalen som er komne inn.

Omstilling

Grunna arbeid med omstilling hausten 2013, vart endeleg handsaming av saka utsett. Ei styringsgruppe beståande av formannskap og hovudtillitsvale har godkjend ein rapport samansett av fire delrapportar i omstillingsprosessen.

Rådmann har med utgangspunkt i denne rapporten laga framlegg til budsjettvedtak. I dette budsjettvedtaket ligg avvikling av Ytre Stad skule og barnehage.

Skal dette budsjettframlegget kunne vedtakast, føreset det vedtak om ny og endra forskrift for skulekrinsar i kommunen.

Dei pågrevede høyringsprosessar er gjennomførde, og kommunestyret skal gjere vedtak.

Ved evt. nye framlegg om endringar i krinsstrukturen, jf. framlegg i omstillingsrapport frå oppvekst gjeldande samlokalisering av trinn, krev dette nye høyringsrunder på linje med den som vart gjort våren 2013.

Lover/regelverk

Opplæringslova

UDir 2-2012

Barnekonvensjonen

Sakshandsamar si vurdering

Høyringsuttalane og folkemøta støttar det som kom fram under folkemøta på samfunnsdelen i kommuneplanen for to år sidan: folk meiner skulen i bygda er viktig for framtidig vekst og utvikling i lokalsamfunnet. Med nokre få unntak stør høyringsuttalane oppretthalding av krinsstrukturen slik den er i dag med fire skular. Det er ingen vesentleg nye argument i høyringsuttalane i høve dei aspekt som er tekne med i saksutgreiinga til høyringa. I ei av uttalane vert det argumentert for at alternativ c i kommunestyrevedtaket frå 17.12.2012 må

utgreiast vidare som eit reelt alternativ. Dette vart som nemnt også teke opp på folkemøtet på Ytre Stad skule og barnehage.

Alternativ c: «Skulekrinsane i Selje vert vurdert redusert til tre. Det vert halde fram med å drive skule i to skulebygg i ny Stadlandet skulekrins, der Ytre Stad skule og barnehage (skulen) og Stadlandet oppvekstsenter (skulen) inngår.»

Sakshandsamar har lenger framme i saksutgreiinga kommentert dette framlegget, og kvifor ein valde å sjå vekk frå det i det vidare arbeidet i saka. Sidan alternativet er nemnt i høyringsuttalar og på folkemøte, vél sakshandsamar å knyte nokre kommentarar til framlegget:

Argumentasjon *for* alternativet i c er vesentleg desse:

1. Dei minste elevane i bygdene på ytre får ikkje så lang skuleveg som viss dei må reise til noverande Stadlandet OS.
2. Ved å samle elevane, får ein større sosiale einingar.
3. Ein får færre undervisningseiningar.

Argumentasjon *mot* alternativ c er m.a. desse:

1. Det er lite å hente reint økonomisk. M.a. må det opprettast ny skulerute som går den andre vegen (vestover om morgonen og attende om ettermiddagen).
2. Det blir lang skuleveg for elevar frå den andre ytterkanten i krinsen (Otnes).
3. Det blir meirarbeid og meir tungrodd å leie og drive ein skule i to lokasjonar med så stor avstand. Dette gjeld både i høve bruk av lærarar, og for rektor å administrere. Lærarar som har to arbeidsstadar, skal ha betalt tid for køyring mellom desse.
4. Fleire elevar må i skulebuss.

Den politiske grunngjevinga for å få utgreidd ei evt. endring av krinsgrensene/ nedlegging av ein eller fleire skular, har bakgrunn i kommunen sin økonomiske situasjon. Då bør det kun vere tiltak som får relativt store økonomiske innsparingar, som bør vurderast gjennomførde. Saksutgreiinga peikar på at dei tiltaka som gjev økonomisk innsparingar av betydning, er nedlegging av dei to minste skulane. Her er innsparinga utrekna til om lag 2 millionar kroner for Ytre Stad skule og om lag 3 millionar for Flatraket skule.

Det vert i høyringsuttalen frå FAU/SU ved Ytre Stad skule og barnehage uttalt at det finst ei nedre grense for drift av skulen både kva gjeld elevtal, økonomi og tilbod, men ei slik grense vert ikkje talfesta.

Det vart på eit av folkemøta argumentert for samordning av rektorfunksjonar. Ulempene knytt til det å administrere fleire skular, kan ikkje vegast opp av den relative avgrensa økonomiske innsparinga dette gjev. Ein må her vere klar over at rektorane på dei to minste skulane har om lag halve stillinga som undervisning. Verdien av ein tilstadeverande pedagogiske leiar, er betydeleg for kvaliteten i skulen. Nasjonalt vert det no sett fokus på betydninga av den pedagogiske leiinga, og at det difor må vere tilstrekkelege administrative ressursar i den norske grunnskulen.

Vi opplever i dag at det er svært vanskeleg å rekruttere rektorar. Ein bør difor heller ikkje gjere rektorstillingane så lite attraktive som muleg i utgangspunktet.

Konklusjon

Det må gjerast politisk vedtak om framtidig skulestruktur gjennom vedtak om Lokal forskrift for skulekrinsar i Selje kommune der det i § 2-1, må veljast eit av desse alternativa:

1. Skulekrinsane vert som i dag. Dei geografiske oppdelingane vert som praktisert i dag, og som er skildra i saksutgreiinga.
2. Skulekrinsane i kommunen blir reduserte til tre, og elevane ved Ytre Stad skule og barnehage vert overførte til Stadlandet Oppvekstsenter frå 01.08.2014.
3. Skulekrinsane i kommunen blir reduserte til tre, og elevane ved Flatraket skule vert overførte til Selje skule frå 01.08. 2014.
4. Skulekrinsane i kommunen blir reduserte til to, der elevane ved Ytre Stad skule og barnehage vert overførte til Stadlandet Oppvekstsenter og elevane ved Flatraket skule vert overførte til Selje skule. Iverksetjing frå 01.08.2014.

Det er under arbeid omstillingsprosessar i kommunen med mål å oppnå økonomiske innsparingar på årlege driftskostnadar. Eit av framlegga til omstilling, er å endre krinsstrukturen.

Saksgang

Kommunestyret gjer vedtak

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Kommunestyret i Selje gjer vedtak om Lokal forskrift for skulekrinsar i Selje kommune. Kommunestyret gjer vedtak om kva alternativ som skal nyttast i § 2-1 i forskrifta.

Framlegg frå rådmann:

Skulekrinsane i kommunen blir reduserte til tre, og elevane ved Ytre Stad skule og barnehage vert overførte til Stadlandet Oppvekstsenter frå 01.08.2014.

Utgangspunktet for å formulere kringsrensene er dette:

Dagens skulestruktur er eit resultat av ei rekkje tidlegare skulenedleggingar. Praktiseringa av geografisk inndeling i høve kva delar av kommunen som tilhøyrer den einskilde krinsen, er i dag slik:
For Ytre Stad skule og barnehage betyr dette området vest for Dalskaret. For Stadlandet Oppvekstsenter betyr det området frå Dalskaret til og med Otnes, samt området frå Leikong til og med Eltvik, bygdene Drage, Fure og Hoddevik. Flatraket skulekrins forstår ein som området frå kommunegrensa til Vågsøy til og med Rundereim, samt Barmen. Øvrige område tilhøyrer i dag Selje skulekrins. Når det gjeld kva skulekrins ein høyrer til, tek ein utgangspunkt i den adressa eleven står oppført med i Folkeregisteret.

Lokal forskrift om skulekrinsar i Selje kommune

Gjeldande frå 01.08. 2014

Vedteken av kommunestyret i Selje 27.02.2014

§ 1 Opplæringslova

§1.1 Hovudprinsipp

I § 8-1 i Opplæringslova står det:

Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i §38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidende gjeld ikkje.

Etter søknad kan eleven takast inn på ein annan skole enn den eleven soknar til.

Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein elev i særlege tilfelle flyttast til ein annan skole enn den skolen eleven har rett til å gå på etter første leddet. Før det blir gjort vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. Når det er nødvendig, kan eleven flyttast til ein skole utanfor kommunen, men ikkje slik at eleven må flytte ut av heimen eller at skoleskyssen blir uforsvarleg lang.

§1.2 Andre aktuelle avgjerdsler

I tillegg vil følgjande paragrafar i Opplæringslova kunne verke inn på kva skule ein elev skal gå på:

- a) §2-1 Rett og plikt til grunnskoleopplæring
- b) §9a-1 Generelle krav
- c) §9a-2 Det fysiske miljøet
- d) §9a-3 Det psykososiale miljøet
- e) §15-1 Bruk av forvaltningslova
- f) §15-2 Særlege reglar om klageinstans

§ 2 Om lokal forskrift om skulekrinsar i Selje kommune

Lokal forskrift om skulekrinsar i Selje kommune klargjer kva område i kommunen som soknar til dei ulike skulane – også kalla skulekrinsar. Når det vert gjort vedtak om skuleplass, vert det alltid teke utgangspunkt i den adressa eleven står oppført med i folkeregisteret. Forskrifta har som føremål å syte for faste kringsgrenser som gjev førutseibare oppvekst- og læringsmiljø. Dette skal igjen medverke til å skape tryggleik og gode nettverk for både elevar og foreldre. Lokal forskrift tek stort omsyn til at elevane skal få skulegang på den næraste skulen.

Kommunestyret gjer vedtak om eventuell endring av Lokal forskrift om skulekrinsar i Selje kommune.

§2-1 Tal skulekrinsar og geografisk inndeling.

Selje kommune har frå 01.08. 2014 desse tre skulekrinsane:

Stadlandet Oppvekstsenter sin skulekrins forstår ein som alle bygdene vest for Dalskaret (Morkadalen, Ferstad, Ervik, Årvik, Honningsvåg), området frå Leikong til og med Eltvik, bygdene Drage, Fure og Hoddevik samt området Leikong til og med Otnes.

Flatraket skulekrins forstår ein som området frå kommunegrensa til Vågsøy til og med Rundereim, samt Barmen.

Øvrige område tilhøyrer Selje skulekrins.

Når det gjeld kva skulekrins ein høyrer til, tek ein utgangspunkt i den adressa eleven står oppført med i Folkeregisteret.

§3 Omfanget av vedtak- og sakshandsamingsrutinane

Rutinane omfattar alle barn som vert omfatta av rett etter Opplæringslova § 2-1, *Rett og plikt til grunnskoleopplæring*. Retten vert utløyst når det er sannsynleg at barnet vil opphalde seg i Norge i minst tre månadar, medan plikta vert utløyst når barnet har budd tre månadar i landet.

Rutinane har hovudvekt på alle tilhøve som vert regulert av Opplæringslova § 8-1, *Skolen*. Det betyr i hovudsak sakshandsamingsrutinar ved vedtak om skuleplassering for nye 1.-klassingar, tilflyttande elevar, handsaming av klager og søknadar om skulegang ved andre skular, samt ved endring av lokal forskrift om skulekrinsar.

§3.1 Ansvarsfordeling

Rådmann har overordna ansvar for å forvalte denne forskrifta.

Rektor har ansvar for opptak av elevar med bustadadresse innan eigen krins, slik den er definert i denne forskrifta.

Rådmann fattar vedtak i søknadar om å gå på skule utanfor opprinneleg skulekrins, og alle klager i høve denne forskrifta.

§ 4 Første gongs vedtak om skuleplass

Alle elevar får første gongs vedtak om skuleplass ut frå den adressa barnet står registrert med i Folkeregisteret.

§ 4.1 Vedtak om skuleplass for kommande førsteklasingar

Elevar som tek til på skulen, får tilsendt einskildvedtak om skuleplass etter Opplæringslova § 8-1, første ledd. Vedtak vert gjort og sendt ut frå den skulen som er eleven sin nærskule etter denne forskrifta. Normalt skal det gjerast enkeltvedtak for alle elevar det året eleven fyller 6 år.

§ 4.2 Vedtak om skuleplass for tilflyttande elevar.

Tilflyttande elevar får tilsendt enkeltvedtak om skuleplass etter Opplæringslova § 8-1, første ledd.

§ 4.3 Vedtak om skuleplass i annan skulekrins.

Rådmann gjer vedtak om skuleplass i annan skulekrins etter søknad. For at slik søknad skal verte innvilga, skal det føreligge særlege omsyn. Dette gjeld også søknadar på bakgrunn av §9a i Opplæringslova.

§ 4.4 Byte av skule ved adresseendring

Der flytting blir gjort internt i kommunen frå ein skulekrins til ein annan, skal føresette gje melding til skulen umiddelbart. Ved flytting skal tidlegare skule varsle ny skule etter denne forskrifta. Ny skule skal gjere nytt vedtak om skuleplass.

§ 5 Klagehandsaming

Alle enkeltvedtak om skuleplass og avslag på søknadar om skulegang på annan skule kan påklagast etter Opplæringslova § 15-1 innan tre veker etter motteke vedtak. Rådmann handsamar alle eventuelle klagar på vedtak eller avslag på søknadar om skuleplass. Viss rådmann opprettheld opprinneleg vedtak, vert saka å sende over til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane som fattar endeleg vedtak.

Handsaming i Formannskapet - 20.02.2014

7 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 6 røyster for. Samrøystes.

FS-019/14 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.

